



KLASEN 2014 - 18. OKTOBER KL. 1100

Seilingsbestemmelsar

1. REGLAR

Regattaen vil vere underlagt reglane slik dei er definert i *Kappseilingsreglane for 2013-2016*. Båtane skal tilfredsstille ISAF's reglar for kappseiling, Sikkerhetskategori 6.

2. TIDSPROGRAM FOR SEILASANE

Start er lørdag 18. oktober. Seilassen går etter Gundermetoden og første båt startar kl. 1100 (1. startsignal kl. 1055).

2.1 GUNDER-METODE

Ved seilas etter Gunder-metoden anslås gjennomsnittleg forventa vindstyrke under seilassen av regattasjef, før start. Det er ikkje anledning til å klage på denne beslutninga.

Med vindstyrke og distansen som kjent faktor kan ein så regne ut starttiden i forhold til båtenes rating, etter formel angitt av NORLYS Rating. Faktisk plasseringen i mål blir dermed endelig plassering. Vindstyrken settes i 4 intervall (2-4 ms, 4-6 ms, 6-8 ms og 8-12 ms) Dersom forventa vindstyrke er lavere eller høgare brukes ytterpunktene.

Den båt med lavest NOR-rating tall starter kl.1100 (1. startsignal kl. 1055).

For at kvar enkelt skal vite kva tid dei starter følger vedlagt ett skjema som viser starttid for alle NOR-rating verdier i alle aktuelle vindstyrker basert på at båt med 0,722 startar kl. 1100.

Vindstyrke vert oppgitt ved start, husk å ha med tabellen sjølv!

Starten vil gå etter GPS tid som dei fleste har på mobil og/eller kartplotter. Hvis ikkje må du stille når første båt går for å ta tida.

MERK! Tjuvstart vil bli markert med fleire gjentatte korte støt i fløyta frå starter på molen

Dersom det er tjuvstart kan ein fri seg frå dette ved å gå tilbake og starte på rett tidspunkt, hvis ikkje blir det lagt på eit tillegg på 15 minuttar i tida. Dersom starten skjer 10 min eller meir før opprinnelig starttid og båten ikkje går tilbake, er det diskvalifikasjon (DSQ)

3. PÅMELDING/KLASSAR

Regattaansvarleg er John Bjordal, han kan kontaktes på mobil 916 89 593

3.1. Regattaen er åpen for båter i følgende klasser:



KLASEN 2013 - 18. OKTOBER KL. 1100

Seilingsbestemmelsar

- NOR Rating - $\leq 0,921$
- NOR Rating - $> 0,921$
- NOR Rating - Doublehanded
- Turklasse – målebrev ikkje nødvendig

Det skal minimum 3 båtar til for å danne egen klasse. Dersom regattaledelsen vurderer klasseinndelinga som urimeleg kan dei foreta endringar i klassane.

Deltakelse i NOR rating klassane forutsett gyldig bevis på www.seiling.org 18. oktober Kl. 0900. Båtar utan gyldig NOR-rating bevis pr dette tidspunkt blir automatisk flytta til TUR-klasse.

3.2. Påmelding skjer via <http://www.seilmagasinet.no/regatta?regatta=1717>

Det vert ikkje skippermøte så påmelding og levering av mannskapsliste eller endring i denne må skje på ovannevnte link. .

4. OFFISIELLE BESKJEDER TIL DELTAKARANE/ENDR I SEILINGSBESTEMMELSANE

Beskjeder til deltakarane og evt endringer i seilingsbestemmelsane vil kun bli lagt ut på <http://www.seilmagasinet.no/regatta?regatta=1717>

Seinast ein time før første start mao kl 10.00.

5. SIGNALER PÅ LAND

Det vert enten start frå land med lyd (ikkje flagg) eller frå ein av båtane i regattaen. Det kjøres ordinært 5 min start for første båt (første signal kl. 1055), deretter ett lyd signal på de aktuelle start tidene, samt fleire små støt i fløyta om det er tjuvstart (evt flagg).

6. KLASSER OG KLASSEFLAGG

Alle klassar seiler i Klasse D.



7. LØP (INKLUDERT START- OG MÅLLINJER)

LØP

START:

Molo i Leirvik havn
(overrett ytterkant av Storddøra og stake)

Sponaviksholmen lykt om styrbord,
Midtvikøy om styrbord
Klasen om styrbord



KLASEN 2013 - 18. OKTOBER KL. 1100

Seilingsbestemmelsar

MÅL:

Eldøyane

(stake overrett med møne på det midtre av dei 3 nausta som står mot vest for staken)

Tilsvarande start- og mål for tirsdaysseilasane frå Eldøyane. Ingen måltaker vil ta tida.

8. MERKER

Det seiles på faste merker.

9. START/TJUVSTART

10.1 Kappseilasane startes ved å bruke regel 26. ("5 minuttsregelen")

10.2 Det seiles etter Gundermetode, ref pkt 2.1.

10.3 Dersom det er tjuvstart kan ein fri seg frå dette ved å gå tilbake og starte på rett tidspunkt, hvis ikkje blir det lagt på eit tillegg på 15 minutter i tida. Dersom starten skjer 10 min eller meir før opprinnelig starttid og båten ikkje går tilbake, er det diskvalifikasjon (DSQ)

10. AVKORTNING

Avkorting kan bli gjort på alle merker etter Kappseilingsreglene §32 samt av målbåt dersom det er behov, isåfall regnes regattaen om etter tid på tid..

11. MAKSIMALTID

Båtar som ikkje har passert mållina innan kl 17:00 reknast som DNF

12. PROTESTAR

Protestar skal leveres til regattansvarleg umiddelbart etter målgang.

13. RESULTAT

NOR-rating : Etter Gundermetoden vil plasseringa i mål vere endeleg plassering.

TUR-klassen: Tentativt NOR rating blir nytta og start og mål plassering blir som for øvrige båtar med NOR-rating bevis.

14. SIKKERHETSBESTEMMELSAR

En båt som trekker seg fra seilassen skal underrette regattaansvarleg så snart som muleg.

15. PREMIAR

Det vert delt ut premiar til 1/3 av båtane i kvar NOR-rating. Dersom det er 3 båtar i TUR-klassen vert det egen premiering i den klassen.



KLASEN 2013 - 18. OKTOBER KL. 1100

Seilingsbestemmelsar

16. ANSVAR

Deltakarane i regattaen deltar eine og åleine på eget ansvar. Sjå regel 4, Avgjørelse om å kapseile. Den organiserende myndighet vil ikkje akseptere noko ansvar for skade på materiell eller person eller dødsfall inntruffet i forbindelse med, før, under eller etter regattaene.

17. FORSIKRING

Kvar deltakande båt skal være forsikret med gyldig ansvarsforsikring.



KLASEN 2013 - 18. OKTOBER KL. 1100

Seilingsbestemmelsar

KARTSKISSE OVER LØPET

